
Fra: Irene Nærø Wilhelmsen
Sendt: 13. mars 2019 16:50
Til: Politi Nordhordland; 'Felles politiet Nordhordland';
'ola.akselberg@politiet.no'
Kopi: Rune Kilen; Kjetil Eikefet; Ketil Mikkelsen; Anders Brakvatne
Emne: Skiltplan Lonsvegen
Vedlegg: Skiltplan Lonsvegen - VISIO Tegning del 2.pdf; Skiltplan Lonsvegen - VISIO Tegning del 3.pdf; Skiltplan Lonsvegen - VISIO Tegning del 4.pdf; Skiltplan Lonsvegen - VISIO Tegning del 1.pdf; Nye fartsgrensekriterier (L)(426405).pdf

Hei,

Ynskjer dykker uttale på vedlagte skiltplan før me sender den til Statens vegvesen for godkjenning. Sjølv om Lonsvegen og Juvikstølen er kommunale vegar, har dei og direkte avkjøring mot private vegar. Av den grunn må kommunen i samsvar med regelverket ha Statens vegvesen si godkjenning for vedtak om fartsgrense 30km/t.

I fyrste omgang var det tenkt ei fartsgrense på 40km/t gjennom Lonsvegen/Juvikstølen mellom E39 og FV57. Det vart godkjent ein skiltplan for dette tidlig i 2018. Det me ikkje tok omsyn til den gong var at Juvikstølen, forbi ungdomskulen og gymnaset, er midt i eit skuleområde kor det og kryssar mange born på veg til barneskulen i Knarvik.

I mai 2019 opnar den nye barneskulen i Knarvik, noko som fører til at også den delen av Lonsvegen som endar i E39 vil vere skuleveg. Mange born vil måtte krysse Lonsvegen for å komme frå undergangen på E39 over til gangvegen i Lonsvegen.

Det er lagt opp til fleire tiltak som vil løse borna mot undergangane i utkanten av sentrum då E39 og nærliggande sentrumsområder vil vere byggeplassar i åra framover.

Det har vore eit sterkt politisk press med bakgrunn i at FAU har sendt krav om sikring langs E39 og 30 km/t på vegane inn mot den nye skulen ved kryssingspunktet til borna.

Det er difor eit sterkt ynskje frå kommune si side om å setje 30km/t gjennom heile Lonsvegen/Juvikstølen. Til samanlikning har alle kommunale vegar i Knarvik sentrum 30km/t.

I november 2018 kom det nye fartsgrensekriterier frå Statens vegvesen (**NA-rundskriv 2018/10 Fartsgrensekriterier**).

Lonsvegen/Juvikstølen er å sjå på som ein samleveg med særskilte anlegg langs vegen (bl.a. fleire skular og 2 barnehagar samt 2 kryssingspunkt til mykje bruk turløype og idrettsanlegg).

I Tabell 1.2: Anbefalte kriterier for samleveg/gater er det forbi skular og barnehagar anbefalt fartsgrenser med 30 eller 40 km/t

Avisnitt 2.3 Kriterier for bruk av fartsgrense 30 km/t seier at:

Fartsgrense 30 km/t skal brukes på følgende strekninger i tettbygd strøk

1. Strekninger ved skoler

Strekninger som ligger ved skoler på en slik måte at et stort antall barn/unge må krysse vegen hver gang de skal til eller fra skolen.

Fartsgrense 30 km/t bør brukes på følgende strekninger i tettbygd strøk:

2. Atkomstveger, samleveger og hovedveger

Se tabell 1.1, 1.2 og 1.3.

Vegavdelinga i Lindås kommune vil anbefale at vi i denne omgang set fartsgrensa til 30km/t på heile strekninga Lonsvegen-Juvikstølen mellom E39 og fv57, for å unngå fleire fartsgrenseskifter på strekninga.

Ynskjer ei rask tilbakemelding med uttale, slik at vi kan få skilta på plass før opning av den nye barneskulen.

Ha ein fin dag!

Beste helsing

Irene Wilhelmsen | Ingeniør - vegavdelinga

E-post: irene.wilhelmsen@lindas.kommune.no | Telefon: +47 56 37 54 98 | Mobil: +47 994 66 658

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no



LINDÅS KOMMUNE